

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
059/14	Kommunestyret	PS	06.05.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FA - U03, TI - &58	14/750

Selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at kontrollutvalet innhentar anbod på selskapskontroll av AS Austrheim Næringssselskap. Kostnaden vert lagt fram til godkjenning av kommunestyret.

Kommunestyret - 059/14

KS - behandling:

Ordfører Per Lerøy og rådmann Jan Olav Osen gjekk frå som ugild under handsaming av saka. Mona Leikvoll og Olav Andersen tiltrådde møtelyden under handsaming av saka. Varaordfører Helge Dyrkolbotn tiltrådde som ordfører og Reidar Øksnes som varaordfører. Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner at kontrollutvalet innhentar anbod på selskapskontroll av AS Austrheim Næringssselskap. Kostnaden vert lagt fram til godkjenning av kommunestyret.

Saksopplysninger:

Kommunestyret har 26.09.12 i sak 093/12 ved godkjenning av planen for selskapskontroll vedteke at det skal gjennomførast ein selskapskontroll av AS Austrheim Næringssselskap.

I forskrift om kontrollutval § 13 går det fram at kontrollutvalet avgjør kven som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontrollen.

I epost 23.01.14 har styreleiar i AS Austrheim Næringssselskap ein del synspunkt på korleis selskapskontrollen bør gjennomførast metodisk. I tillegg er der utarbeida ein praktisk veileder frå Norges kommunerevisorforbund til korleis ein slik selskapskontroll kan gjennomførast.

I epost 06.12.13 stiller ordførar spørsmål ved om leiar i kontrollutvalet driver med partipolitikk når saker frå kontrollutvalet vert lagt fram for kommunestyret.

I epost 16.04.13 stiller ordførar spørsmål ved om kontrollutvalet sin habilitet i handsaming av dobbeltutbetalinga til Breidvik Eiendom AS.

Det har vore mykje fokus på kontrollutvalet i dei sakene som gjeld dobbeltutbetalinga til Breidvik Eiendom AS og AS Austrheim Næringssselskap sitt direkte kjøp frå Byggmester Markhus AS. Kontrollutvalet finn det difor fornuftig at kontrollutvalet får mulighet til å bestille ein selskapskontroll frå ein ekstern leverandør som ikkje har vore involvert i desse sakene tidlegare.

Revisor i Austrheim Næringssselskap AS, Helge Frosta AS, leverer revisjonstenester til Nordhordland Revisjon IKS. I denne selskapskontrollen vil såleis uavhengighet bli best ivaretatt dersom kontrollen blir utført av ein anna ekstern leverandør og ikkje

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunestyret om å løyve midlar slik at selskapskontroll av AS Austrheim Næringssselskap kan foretas av ein ekstern leverandør.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner at kontrollutvalet innhentar anbod på selskapskontroll av AS Austrheim Næringssselskap. Kostnaden vert lagt fram til godkjenning av kommunestyret.